

Strynedamene tetta og kontra

Stryn sitt damelag i handball i 4. divisjon er på tabelltoppen med like mange poeng som Sogndal, men med ein kamp mindre spelt. 70 mål vart fasiten i helga mot Syril og Bjørn.

Ove Sveen
ove.sveen@fjordingen.no

I helga starta laget opp med å feie Syril av bana laurdag, og det utan sentrale spelarar som Elisabeth Nesdal Bø, Oddny Grete Njøten og Sandra Nordheim på bana. Alle tre slit med skader. Oddny Grete har dei verst etter at ho braut handledet i kampen mot Førde II. I kampen mot Syril laurdag tetta Stryn til skikkeleg bakover, og det var ikkje mange sjansane gjestane fekk til å lage mål. Framover gjekk det raskt med heimelaget, og mange av dei 35 måla kom etter kontringar.

Godt humør

Når Stryn var så overlegne som dei var, var det også dukka for godt humør på dei to lagbenkane. Utan eit par av dei beste spelarane med til Stryn, innsåg lagleiar Geir Aase at det var lite



Malin Hilde Yri og strynejentene var ustoppelige mot Syril.

å hente for Syril.

– Vi gjorde masse feil og var sjanselause, sa Aase som like før slutt tok «time out» då laget låg under med over 20 mål. Dette fekk trenaren på strynebenken, Ståle Sandal til å spørje kva Syril pønska på. Replikken frå Syril-trenaren var klar: «Dei måtte kvile seg».

-Lagånd

Syril er normalt eit lag vi skal slå, og vi hadde ingen problem då vi fekk sett forsvaret. Det er også viktig å tole å vere favoritt. I morgon er det Bjørn og vi må vinne skal vi utfordre Sogndal om å vinne avdelinga. Eg har aldri tidlegare opplevd slik lagånd tidlegare som i

dette strynelaget, og det er kjekt å ha eit heilt lag som lagar mål, kommenterte Sandal etter kampen. Mot Syril fekk også keeper Irene Tunold skyte straffe, og ballen sat sikkert i nota.

-Betre mot Bjørn

Strynspelte ein betre kamp mot

Bjørn i går, og på nytt sette dei 35 mål bak motstandaren sin keeper.

– Vi fekk tempo på ballen, og då kom måla frå alle vinklar. Keeperen tetta godt igjen bak. Vi er likt med Sogndal i og med at vi er betre i innbyrdes oppgjør. No har vi fem kampar att, og det bør gå bra, seier Sandal som er glad for god publikumstilte. Neste kamp går om godt ei veke mot Florø i Strynehallen.

Stryn-Syril 35-9 (16-5)

Mål for Stryn:
Irene Tunold 1
Linn Nesdal 3
Solveig Nesje 5
Inger Tenden 4
Thea Bjørkedal 3
Bente Aulfem 2
Therese Nygård 3
Malin Hilde Yri 5
Andrea Berstad 6
Kristine Nesje 2

Stryn-Bjørn 35-16

Mål for Stryn:
Linn Nesdal 7
Bente Aulfem 1
Andrea Berstad 2
Solveig Nesje 4
Therese Nygård 6
Inger Tenden 5
Frida Bergset 1
Kristine Nesje 1
Malin Hilde Yri 4
Thea Bjørkedal 4